

MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLERS KOMMENTARER TIL MERKNADER OG UTTALELSER -
PLANOPPSTART

Plannavn	Områdeplan Bø skule og barnehage m.fl.
Arealplan-ID	1260 2017 0009 00
Utarbeidet av	Forum Arkitekter AS
Datert/Revidert	1.12.17
Tal på merknader	7

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagsstillers kommentar
Fylkesmannen, i e-post datert 16.11.17	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar. 2. Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. 3. Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Takast til følgje. Alle reguleringsplaner skal vurderast i høve til overordna plan og forkrift om konsekvensutgreiing. 2. Takast til følgje. 3. Takast til følgje. ROS-analyse skal nytte akseptkriterier i tråd med forskrift. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagsstillers kommentar
----------	--------------------------------	----------------------------

<p>Fylkesmannen, i e-post datert 16.11.17_forts.</p>	<p>4. Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår skal etter pbl § 1-1 femte ledd og pbl § 3-1 første ledd bokstav e ivaretakast i den kommunale planlegginga. Rikspolitiske retningslinjer av 01.09.1989 og rundskriv T-2/08 stiller nærmare krav til ivaretaking av barn og unge sine interesser i planprosessen. Kommunen skal organisere planprosessen slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, for at synspunkt som gjeld barn skal kome fram og verte ein del av prosessen.</p> <p>Barn skal ha areal i nærmiljøet der dei kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. For å få det til må ein ha tilstrekkeleg store areal som eignar seg for leik og opphald og som gir høve til ulike typar leik til ulike årstider. Areala må vidare kunne brukast av ulike aldersgrupper og gi høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.</p> <p>5. Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. Pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.</p>	<p>4. Omsynet til barn og unge skal ivaretakast i den vidare planprosessen. Planprosessen organiserast slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta.</p> <p>5. Det skal gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i det vidare planarbeidet.</p>
--	---	--

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagsstillers kommentar
----------	--------------------------------	----------------------------

<p>Fylkesmannen, i e-post datert 16.11.17_forts.</p>	<p>6. Retningslinje T-1442/2016 for behandling av støy i arealplanlegging skal leggst til grunn av kommunane i planlegginga deira. Der går det fram at alle nye reguleringsplanar bør vise tilgjengelege støysonekart innanfor planområdet på eigna måte. Dersom det er fastsett omsyns-soner i kommuneplanen, skal desse leggst til grunn for utarbeiding av reguleringsplanar. Der er vidare krav til at ein så tidleg som mogleg i planprosessen skal gjere støyfaglege utgreingar, der støynivå vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt i kart for representative høgder (t.d. ved fasadar og uteopphaldsareal). Vi viser elles til støygrensene som går fram av tabell 1 i retningslinjene.</p> <p>7. Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.</p> <p>8. Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.</p>	<p>6. Det skal takast tilstrekkeleg omsyn til støy i det vidare planarbeidet. Tilgjengelege støykart og evt. utgreingar vert lagt til grunn.</p> <p>7. Endra arealbruk i reguleringsplanen skal vurderast etter naturmangfaldlova.</p> <p>8. Omsynet til barn og unge skal ivaretakast i den vidare planprosessen.</p>
--	---	--

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagsstillers kommentar
<p>Bø skule v/Rektor Brev datert 19.10.2017</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Trafikkmengda som pr. i dag vert leda gjennom krysset og opp forbi skulen og vidare oppover Nordbøvegen er svært stor og ikkje tilfredsstillande mtp. trafikktryggleiken for elevane som går til og frå skulen. 2. Nordbøvegen er ikkje bygd for denne store mengda med trafikk. Her er smalt, og dei private innkøyrslene til folk vert brukt som stoppe- og passeringssoner når bilar møtes. Her er veglys og dumpar, og det er positivt. (Problemet med dumpane er at dei er feil utforma, slik at bilane ikkje treng å sakke opp når dei køyrer over dei. Det er 30- sone, men berre i teorien). Dette kan skape farlege situasjonar for elevar som ferdast til og frå skulen. 3. Krysset heilt oppe i Nordbøvegen, der ein svingar til høgre og ned mot Hordabøheimen og dagens barnehage er uoversiktleg og smalt. Dette er farleg for born som skal krysse dette partiet på veg til skulen. 4. Foreslår synfaring med Statens vegvesen politikarar/ formannskapet, teknisk avd, naboar, FAU, leiinga ved barnehagen og skulen kl. 08. ein morgon for å sjå på trafikktilhøva i området. 5. Foreslår alternativ avkjøring til barnehagen frå FV409 plassert midt på eksisterande Gnr/bnr 24/22. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ei trygg trafikkavvikling i planområdet er eit særst viktig kriterium i det vidare planarbeidet 2. Det vil i det vidare planarbeidet verte vurdert ulike tiltak for å auke trafikktryggleiken i området. 3. Det visast til føregåande punkt . 4. Det kan verte aktuelt med ei nærare utgreiing av eksisterande trafikkmengde samt ei berekning av forventa framtidig trafikkauke i området . 5. Ikkje mogleg.

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagsstillers kommentar
----------	--------------------------------	----------------------------

<p>Siv. Ing. Vidar Mjøs E-post datert 26.10.2017</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Den eksisterande barnehagen ligg i det som var administrasjonssenter i Hordabø herad før kommunesamanslåinga i 1964, tilsynelatande utvikla som eit «provisorium», no etter kvart på begge sider av Nordbøvegen som undervegs er stengd, med omkjøringstilkomst rundt skulen og den tidlegare aldersheimen. Er det opplagt at dette er den rette lokaliteten for ein barnehage ? Er temaet analysert i samband med reguleringsplanen / kommunedelplanen for Bø ? 2. Etter mitt skjønn bør ein vurdere å gjenopna gamlevegen til Nordbø («Rådhusgata»), sett i samanheng med ei framtidig omlegging og standardheving av hovudvegen med gang- og sykkelveg over til idrettsbana, og utbygginga av bustadfeltet på Nordbø. Ny barnehage vil alternativt kunna plasserast ved gamle Haugland skule og den skisserte ganglina over mot det nye bustadfeltet ved Marøyvegen. Er dette vurdert ? 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tas til etterretning 2. Tas til etterretning
--	--	--

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagsstillers kommentar
----------	--------------------------------	----------------------------

<p>Bebuarane på Nordbø E-post datert 15.11.2017 Rune Bø Steinar Floen Rune Marøy Eli Solheim Atle Nordanger Arne Floen Ronni Dinesen</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Me bebuarar har følgjande innspel, og dette går på val av vegtrasè. Me føreslår at det vert innkøyring til barnehagen, på sørvest (mellom skule og barnehage). Ikkje slik de presenterte for oss pr. tlf. der de seier at den skal gå slik den også gjer i dag. Me har ei enorm trafikkmengde på denne traséen. Her er hyttefelt, tidlegare Hordabøheimen med opptil 60 personar på det meste, barnehage, fastbuande osv. Trafikkmengda vil også auke, ved ny barnehage og ny områdeplan som snart er på plass. 2. I tillegg er dette ein veg som ikkje innehar dei krav som trengs, bl.a. ved at vegen er svært smal og ikkje er bygd for 2017 og fram i tid. Dette utgjør ei stor fare for borna våre, og dette er noko ein bør ta med i betraktning no i denne oppstartsfasen, no når ein har moglegheit til å planleggje og regulere for framtida. For å sjå det reelle trafikkbilete og kva me prøver å poengtere, så anbefaler me på det sterkaste at det her vert ei befarig på bakgrunn av dette. Inviter med statens vegvesen, politikarar og oss bebuarar. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sjå føregående kommentarar til innspel frå Bø skule v/Rektor. 2. Sjå føregående kommentarar til innspel frå Bø skule v/Rektor.
--	--	--

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagsstillers kommentar
----------	--------------------------------	----------------------------

<p>Statens vegvesen Brev datert 24.11.2017</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Statens vegvesen bed om at følgjande tema vert tekne omsyn til i reguleringsprosessar: <ul style="list-style-type: none"> - Plassering og utforming av naudsynete tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m) - Tilhøva for mjuke trafikantar innan planområdet og mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplass, skule m.m). - Byggjegrense til fylkesveg. - Vegtrafikkstøy. - Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker. - Universell utforming. 2. Radøy kommune har pågåande planarbeid i området (Kommunedelplan (KDP) for Bø / Områdeplan for Bøvågen). Eit viktig plantema i dette planarbeidet er infrastruktur. I vår uttale til dette planarbeidet har vi uttalt at planarbeidet må sikre nok areal langs fylkesvegen slik at ein kan utbetre fylkesvegen. Vi har og meint at det bør leggjast til rette for tilbod til mjuke trafikantar på begge sider av vegen. Statens vegvesen meiner det er relevant å trekke inn arbeidet med KDP Bø som no er på høyring, og vi meiner at infrastrukturen i dei to planane må sjåast i samanheng. 3. Statens vegvesen setler krav til at plangrensa vert utvida til å omfatte fylkesvegen langs heile planområdet. Fylkesvegen er smal på strekninga og har for det meste berre ei køyrebane. Det er ikkje fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga. Det er behov for å sjå på utbetring av fylkesvegen samt å sikre tilstrekkeleg areal til mjuke trafikantar. 4. Trafikktryggleiken må vurderast særleg i planarbeidet. Det må utarbeidast ei trafikkanalyse som skildrar dagens situasjon i området, og som må leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Det er utført fleire trafikktryggleikstiltak langs fylkesvegen dei seinare åra med mellom anna fartsdemping og belysning. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Nemnde tilhøve vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet. 2. Planarbeidet skal sjåast i samanheng med pågåande kommunedelplan for Bø/Bøvågen. 3. Krav om utviding av plangrensa til og å gjelda fylkesvegen forbi planområdet vert vurdert i det vidare planarbeidet. 4. Det kan verte aktuelt med ei nærare utgreiing av eksisterande trafikkmengde samt ei berekning av forventa framtidig trafikkauke i området .
--	---	---

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagsstillers kommentar
----------	--------------------------------	----------------------------

<p>Statens vegvesen Brev datert 24.11.2017 Forts.</p>	<p>5. Den generelle byggjegrensa langs fylkesveg er 50 meter. På denne strekninga har vi tidlegare sagt at vi kan vi akseptere ei byggjegrense på 30 meter. Så lenge vegsituasjonen ikkje er avklart meiner vi at det må oppretthaldast ei streng haldning til byggjegrensa. Dette for å sikre nok areal til ei utbetring av fylkesvegen, samt tilrettelegging for mjuke trafikantar og naudsynt sideareal. Vi minner elles byggjeforbodet innanfor byggjegrensa gjeld alle tiltak, også til dømes murer, parkeringsareal, utsprengte og utgravne rom m.v. Kart og føresegner skal vere eintydige.</p> <p>6. Dagens busstopp er ikkje bygd i samsvar med plan. Vi rår til at plangrensa vert utvida til også å omfatte busstoppet ved skulen slik at denne vert formalisert.</p> <p>7. Basert på omfanget av planlagt utbygging vil vi vurdere om det skal stillast krav om rekkjefølgje for veg- og trafiktryggleikstiltak.</p> <p>8. I det vidare planarbeidet vil Statens vegvesen ha fokus på tilhøvet til mjuke trafikantar, utforming av kryss og avkøyrslar, byggjegrense mot veg og universell utforming. Planarbeidet må sikre nok areal langs fylkesvegen til at ein både kan utbetre veggen og leggje til rette for tilbod til mjuke trafikantar på både sider av fylkesvegen.</p>	<p>5. Barnehagen skal plasserast utanfor byggjegrensa på 30M frå fylkesveg. Delar av leikeområdet vil Som i dag koma innanfor byggjegrensa. Naudsynt sideareal for utviding av fylkesvegen kan lettare etablerast på andre sida av veggen, bort i frå planområdet.</p> <p>6. Råd om utviding av plangrensa til og å gjelda busstopp ved skulen vert vurdert i det vidare planarbeidet.</p> <p>7. Tas til etterretning</p> <p>8. Hensyntakast</p>
---	---	--

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagsstillers kommentar
----------	--------------------------------	----------------------------

<p>Hordaland fylkeskommune, i brev datert 30.11.17</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Hordaland fylkeskommune meiner at oppstartsmeldinga til områdeplan for Bø- skule og barnehage mfl. kunne vore meir utfyllanda og omtalt forholdet til kommunedelplan for Bø som nå er til offentlig ettersyn. 2. Regional plan for folkehelse (2014-2025) der det går fram i pkt. retningsline 2.5 at skular og barnehagar må ha uteområde og grøntareal som fremjar tilgjenge og aktivitet (fysisk, psykisk og sosialt) hos barn og unge. Det må takast særskilt omsyn til trafikktryggleik og trafikksikker skuleveg i det vidare planarbeidet. 3. Regional Klimaplanen for Hordaland har mål at energibruken i bygningsmassen i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 i høve til energibruken i 2007, og 25 % i 2030. Utslepp av klimagassar frå byggsektoren i Hordaland skal reduserast ved konvertering til alternative fornybare energikjelder og klima- og miljøvenleg materialbruk. Vi ber om at det vert teke omsyn til dette i det vidare planarbeidet. 4. Planlegginga må sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Vi ber om at det vert teke omsyn til landskap og terreng i planarbeidet. 5. Det er ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Potensial for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi vil ikkje krevje arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova. 6. Samferdselsavdelinga legg til grunn at eksisterande vegtilkomst via Nordbøvegen skal nyttast, og at det ikkje vert gjort tiltak som får betydning for fylkesvegen. 7. Hordaland fylkeskommune arbeidar aktivt for å styrke kvaliteten ved byar og tettstader og ber om at Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tilhøvet til pågåande kommunedelplan skal takast omsyn til i den vidare planlegginga. 2. Barnehagen skal ha uteområde og grøntareal som fremjar tilgjenge og aktivitet samstundes som det skal takast særskilt omsyn til trafikktryggleik og trafikksikker skuleveg i det vidare planarbeidet. 3. Regional Klimaplan for Hordaland skal takast omsyn til i det vidare planarbeidet når det gjelder energibruk. 4. Landskap og terreng skal takast omsyn til i det vidare planarbeidet. 5. Tas til etterretning 6. Tas til etterretning 7. Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet.
--	---	---

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / innspel	Forslagnsstillers kommentar
----------	--------------------------------	-----------------------------

<p>BKK, i brev datert 14.11.17, Mottatt 30.11.2017</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. BKK har elektriske anlegg i planområdet som vist på vedlagte kart. Kartet kan nyttast under følgjande føresetnader: <ul style="list-style-type: none"> - Nyttast berre som underlag for førespurd planarbeid. - Bør slettast etter bruk – nettet endrar seg kontinuerleg. - Må ikkje sendast andre utan netteigars samtykke. - Må ikkje sjåast på som kabelpåvising. 2. Den som utløyser tiltak i strømforsyningsnettet, både flytting, nyanlegg og styrking må som hovudregel dekke kostnadene med tiltaket inkludert eventuelle kostnader til erverv av nye rettar. Dersom planen føreset at eksisterande høgspenningsanlegg må flyttast eller leggast om, må det settast av plass til ny trasé og /eller nettstasjoner. 3. Det må takast omsyn til høgspenning luftleidningar som ligg inntil planområdet med byggje forbodsbelte på totalt 16M. Det må ikkje planleggjast busetnad over eller nær kabelanlegget. Planlegginga må så langt det er mogleg freista å unngå at kablar må flyttast. 4. Det må i plan avsettast tilstrekkeleg areal til etablering av mogleg ny nettstasjon inntil 15m² med minimum 5M byggegrense til andre brennbare overflater rundt nettstasjoner. I føresegnene kan innarbeidast ein generell føresegn om at nettstasjoner vert tillate oppført i samband med straum til stadbunden næring i LNFR-område, samt på areal regulert til utbyggingsformål. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Føresetnadene for å nytta vedlagd kart er noterte. 2. Konsekvensane ved endring i strømforsyningsnettet er kjende. 3. Det skal i det vidare planarbeidet taksast omsyn til omsynssoner og avstandar nær høgspeint leidningar og kabeltraséar. 4. I føresegnene innarbeidast ein generell føresegn om at nettstasjoner vert tillate oppført i samband med straum til stadbunden næring i LNFR-område, samt på areal regulert til utbyggingsformål.
--	---	---